

---

Saksnr: 2021/21791-2  
Saksbehandlar: Else-Marie Brobakke Aarø

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		09.11.2021

**Handlingsprogram folkehelse 2022-2025 - framlegg offentleg høyring**

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner at Handlingsprogram for folkehelse 2022 - 2025 vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i perioden 12.11.21- 14.01.22.

**Samandrag**

Vestland har to regionale folkehelseplanar. Etter Utviklingsplan for Vestland skal det utviklast felles handlingsprogram til desse. Utkast til handlingsprogram for folkehelse for perioden 2022 - 2025 er no klart for offentleg høyring. Dei fleste tiltaka i dette første handlingsprogrammet er eigd av fylkeskommunen, med dei verkemiddela vi har som samfunnsutviklar. Gjennomføringa av tiltaka er tenkt i samarbeid med kommunar, frivillig sektor, statlege og regionale aktørar og andre. Det går fram av tiltaksskildringane korleis tiltaka er tenkt organisert og finansiert. Rutinar for oppfølging av tiltak og kopling til budsjettprosessar, skal følge retningslinjer for oppfølging av regionale planar som er under utarbeiding. Målet med høyringa er å få innspel frå ulike aktørar i Vestland som saman med Vestland fylkeskommune kan bidra til å styrke folkehelsearbeidet.

Rune Haugsdal  
fylkesdirektør

Paal Fosdal  
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Etter Utviklingsplan for Vestland 2020 - 2024 skal dei to regionale planane for folkehelse, Hordaland 2014 - 2025 og Sogn og Fjordane 2015 - 2025, vidareførast i inneverande planperiode. Det første

felles handlingsprogrammet for folkehelsearbeidet i Vestland er tenkt meir strategisk retta. Det skal leggst vekt på gjennomføring, og vise god kopling mellom mål og tiltak.

### Rammene for utvikling av handlingsprogrammet

Handlingsprogrammet føl opp utviklingsplanen og prosess-sak i Fylkesutvalet 10.06.21.

- Samarbeid i fylket for felles innsats knytt til å nå folkehelsemåla.
- Samle strategiske folkehelseiltak frå fylkeskommunen sine ulike fagområde som kan bidra til å nå mål og strategiar i dei to folkehelseplanane.
- God kopling mellom måla i planane og tiltaka, med auka vekt på gjennomføring av tiltaka.
- Utvikle tiltaka innanfor viktige målområde som trengst styrkast i Vestland. 12 utvalde delmål/satsingar er prioriterte i denne handlingsprogramperioden.
- Setje retning ved å identifisere felles innsatsområde for tiltaksutviklinga: 1) Kunnskapsbasert folkehelsearbeid; 2) Sosial ulikskap i helse; 3) Gode, trygge og deltakande nærmiljø/ lokalsamfunn; 4) Barn og unge - livskvalitet og psykisk helse; 5) Dei demografiske endringane i Vestland og ei aldrande befolkning. Områda er identifiserte etter vurderingar i lys av Folkehelseoversikta 2019-23 og Utviklingsplan for Vestland 2020-2024.

### Arbeidsprosessane, dialog og medverknad

Interne prosessar:

Arbeidet er leia frå avdeling for Strategisk utvikling og digitalisering ved seksjonssjef for Plan, klima og folkehelse. Folkehelseeringen i Vestland fylkeskommune har ein sentral utviklarrolle.

Eksterne prosessar

Innspelsmøte/dialogar er gjennomført vår og haust 2021. Flest innspel er gjeve verbalt i møte. Innspela er nytta så langt som råd innanfor rammene for arbeidet. Innspela er dokumenterte og gjort tilgjengelege for dei som har utvikla tiltaka. Det har vore tettast kontakt med folkehelsekontaktane i kommunane. Statsforvaltaren i Vestland har vore samtalepart gjennom prosessen.

Kort om innspel nytta i tiltaksutviklinga.

- ✓ Kunnskapsbasert folkehelsearbeid og sosial ulikskap bør setje retning for arbeidet og inngå i alle tiltaksområda. Behov for auka kompetanse på korleis arbeide godt med kunnskapsutvikling og evaluering mm. Fylkeskommunen bør ta ein meir aktiv rolle og legge til rette for meir deling av kunnskap.
- ✓ For å arbeide med sosial ulikskap er det viktig å hugse den sosiale gradienten, og legge mest vekt på universelle innsatsar. Sosial ulikskap er eit stort tema. Behov for å auke kompetanse og få fram kva verkemiddel særleg kommunane kan ta i bruk.
- ✓ Svært mange innspel er knytt til gode rammer for samfunnsdeltaking for både unge og eldre. Særleg er kollektivtilbod nemnde av fleire som barrierar for deltaking i samfunnet. Aldersvenleg transport er viktig i arbeidet med universell utforming - og må inn i all planlegging. Utfordringar knytt til nye digitale løysingar for eldre er trekt fram.
- ✓ Skulen sin rolle for å bidra til å redusere sosiale skilnader vert peika på av fleire. Viktig med tiltak retta inn mot grupper som deltek lite i medverknadsarbeid og unge som ikkje passar inn i skulen. Gode og trygge nærmiljø er viktige for fremje tryggleik hjå unge - skular og lærarar er gode byggjarar i nærmiljøet. Andre verkemiddel som verdien av møteplassar og ulike lågterskeltilbod vert løfta fram som viktige for å fremje deltaking. Dei unge er også opptekne av helsetenester og tidleg innsats, geografiske skilnader i psykisk helse og einsemd.

Medverknadsaktørar:

- *Folkehelseforum: mai og oktober*
- *Kommunane ved folkehelsenettverket: juni, august og oktober*
- *Fylkeskommunale medverknadsorgan:*  
*Vestland ungdomsutval: mai*  
*Fylkeseldrerådet: juni*  
*Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne: september*

### Tiltaksdelen

Tiltaka er knytt til oppfølging av 7-8 år gamle planar med litt ulik struktur, og til nye føringar frå utviklingsplanen. Ulike modellar for å systematisere tiltaka i tiltaksdelen er vurdert. I høyringsdokumentet er tiltaka gruppert på to nivå - overbyggande tiltak og områdevise tiltak.

For å svare ut tiltak til dei 12 delmåla som er prioriterte å følge opp dei neste fire åra, har handlingsprogrammet denne gongen fått til saman rundt 40 tiltak. Dei fleste tiltaka er utvikla av fylkeskommunen. Statsforvaltaren er tiltakseigar på to tiltak. Det er blitt nivåskilnader på tiltaka. Nokre tiltak er meir overordna og strategiske. Andre tiltak er blitt meir konkrete retta inn mot temaa i dei regionale planane, der fylkeskommunen har eigne verkemiddel. Dette heng saman med at ulike fagavdelingar og aktørar har ulike samfunnsoppdrag. Nokre fagavdelingar er tettare på tenesteutvikling enn andre. Dei fleste tiltaka knytt til innsats for å utjamne sosiale helseskilnader er universelle i tråd med anbefalingar frå Folkehelseforum. Nokre tiltak er retta inn mot særlege grupper. Dei fleste tiltaka dekkjer FN- dimensjonen sosial berekraft. Koplinga til berekraft er vurdert ved utvikling av tiltaka.

### Om tiltaka

Overbyggande tiltak: Desse tiltaka har det til felles at dei skal bidra til å styrke det heilskaplege folkehelsearbeidet i fylket. Det er tenkt tett dialog med kommunane og andre aktørar. Tiltak for likeverd og inkludering og samhandling med frivillig sektor ligg her. Fleire av tiltaka er tenkt å gje betre kunnskapsgrunnlag for planlegging. Andre tiltak skal gje oversikt over verkemiddel knytt til aldersvenleg samfunn og universell utforming.

Områdevise tiltak: Her er tiltak for utvikling av samarbeidsarenaer for levande lokalsamfunn, innsatsar knytt til nærmiljø som til dømes det bustadsosiale arbeidet, gode utemiljø og møteplassar og inkludering gjennom idrett og kulturtilbod. Drikkevatt som viktig faktor for helse er òg med som tiltak. Gjennomføring av vidaregåande skule og styrka innsats for oppfølging av elevar og lærlingar. Når det gjeld overgangen frå vidaregåande skule til arbeid er eit tiltak knytt til betre vegleiing ved karriereval inne i handlingsprogrammet. Også i program for folkehelsearbeid er det tiltak under utvikling som ser på overgangen skule og arbeid (side 39). Mobbeomboda i Vestland bidreg til innsats for å styrke det psykososiale oppvekstmiljøet for barn og unge i kommunane. Fleire satsingar knytt til mobilitet, reisevanar og trafikksikring er teke med. Fylkeskommunen set også merksemd på interne utviklingsfelt gjennom tiltak knytt til helsefremjande skulebygg og utvikling av mattilbodet til unge i vidaregåande skular gjennom satsinga på fiskesprell. Utviklingsplanen har retta merksemda på ei aldersvenleg samfunnsutvikling, fleire av tiltaka er i tråd med dette. Den offentlege tannhelsetenesta bidreg òg med fleire ulike tiltak.

Gjennomgangen av tiltak over er ikkje uttømmende.

### Program for folkehelsearbeid og utvikling av tiltak

Gjennom den store statlege satsinga Program for folkehelsearbeid i kommunane har fylkeskommunen fått tildelt rundt 54 millionar kroner til tiltaksutvikling for å fremje psykisk helse hjå barn og unge i Vestland. 22 kommunar deltek i arbeidet gjennom 15 utviklingsprosjekt i samarbeid med ulike kompetansmiljø. Tittelen på tiltaka er vist på side 39, og med lenke til nasjonal tiltaksliste.

### Særleg om tiltak 1.4 - Trygge lokalsamfunn sjå vedlegg nr. 1

Handlingsprogrammet svarar ut vedtak i fylkesutvalet i desember 2020, om å etablere samarbeid knytt til det drukningsførebyggande arbeidet i Vestland. Ingen fylkeskommunale avdelingar har innsats knytt til førebeygging av drukningsulykker som arbeidsområde i dag. Eit viktig spørsmål har vore om fylket skal bygge eige nettverk i høve drukning, eller om det skadeførebyggjande arbeidet bør mobiliserast breiare. Saka er teke opp med kommunane gjennom folkehelsenettverket. Kommunane formidlar at etter deira vurdering bør det skadeførebyggjande arbeidet inkluderast i eksisterande organisering/nettverk. Skal nytt nettverk etablerast bør det på sikt satsast breiare i det skadeførebyggjande arbeidet utover innsats retta inn mot drukning. Det nye nettverket skal ikkje arbeide med trafikk/trafikksikring. Det er ikkje heller ikkje førebels tenkt innsats knytt til sjølvskade, men dette kan vere eit framtidig innsatsområde for Vestland.

### Samarbeid om utvikling av tiltaka

I utviklingsplanen er det lagt vekt på å styrke samordninga av folkehelsearbeidet i offentleg sektor, fremje samarbeid mellom ulike sektorar og stimulere til innovasjon og nyskaping.

Oversyn over dei ulike tiltaka viser at mange samarbeidsaktørar er involvert i tiltaksutviklinga. Fleire tiltak er tenkt utvikla på tvers av fagavdelingar i fylkeskommunen. Kommunane er svært sentrale i utviklingsarbeidet.

Samla inneber dette gode føresetnader for utvikling av folkehelseiltak i Vestland.

Fylkesdirektøren legg fram forslag gjennom tiltak 1.4 - *Utvikle nettverk for trygge lokalsamfunn for å styrke det skade- og ulykkesførebyggjande arbeidet i Vestland.*

- Vestland fylkeskommune etablerer og utviklar nettverk for Trygge lokalsamfunn for å styrke det skade- og ulykkesførebyggjande arbeidet i Vestland, inklusive det drukkingsførebyggjande arbeidet.
- Det nye nettverket skal etablerast innanfor etablerte samarbeidsstrukturar regionalt og nasjonalt og samarbeidsformer skal utviklast over tid. Regionalt forum er: Folkehelseforum Vestland og Nasjonalt forum er: Trygge lokalsamfunn/Skadeforebyggjande forum. I dette nettverket er ikkje trafikksikringsarbeidet tenkt inn sidan Vestland har gode etablerte strukturar for dette arbeidet, men andre saksområde på det skadeførebyggjande feltet.
- Samhandling med kommunane om skade- og ulykkesførebyggjande arbeid blir viktig.
- Medlemar er tenkt frå frivillig sektor, kommunane, fylkeskommune og andre.

#### Ansvar, oppfølging og budsjett

Rutinar for oppfølging av tiltaka og koplingar til budsjettarbeidet, skal følge rutinar for oppfølging av handlingsprogram til regionale planar som er under utvikling. Dette for å styrke gjennomføringa. Finansiering av tiltaka er planlagt så langt som råd. For nokre tiltak må finansiering vurderast i samband med budsjettprosessar.

#### Tidsplan

Etter vedtak i fylkesutvalet om høyring er høyringsperiode planlagt fram til 12.01.22, med endeleg vedtak i fylkestinget i mars 2022.

#### Rullering og tankar framover

- Rullering opp mot framtidige budsjettprosessar må nyttast for å utvikle handlingsprogrammet, det skal utviklast gode system for dette.
- Handlingsprogrammet inneheld denne gongen fleire tiltak som er første trinn i ein utviklingsprosess, vidareutvikling av desse må sikrast på ein god måte.
- Tidsramma for arbeidet med har vore 6-7 månader. Utvikling av langsiktige og treffsikre folkehelseiltak tek tid. Det må satsast meir på utvikling av større samarbeidstiltak - både i internt og eksternt samarbeid og helst i samarbeid med miljø som kan evaluere slike satsingar. Fleire regionale aktørar bør eige folkehelseiltak. Satsingar til beste for folkehelsearbeidet i fylket bør prioriterast tydelegare framover.

#### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har mynde til å vedta høyring og offentleg ettersyn av framlegg til regional plan med handlingsprogram etter punkt 2.1.6.

#### Vurderingar og verknader

##### Økonomi:

Handlingsprogrammet inneheld mange ulike tiltak med mange ulike tiltakseigarar. Det er ulike finansieringskjelder. Fagavdelinga som er tiltakseigar har ansvar for å legge tiltaket inn i fylkeskommunen sitt budsjett og/eller økonomiplan. Dei fleste av tiltaka er tenkt finansiert innanfor budsjetta til fagavdelingane. Finansiering av nokre tiltak må vurderast ved seinare budsjettprosessar. Når tiltak er finansiert med eksterne midlar er dette nemnd særskilt. Å vurdere økonomiske gevinstar av folkehelseiltaka samla er krevjande på kort sikt. Det er ikkje enkelt å slå fast om dei ulike tiltaka samla reduserer fylkeskommunen sine kostnader som følge av handlingsprogrammet.

##### Klima:

God kopling mellom folkehelse og klima. Fleire av tiltaka i handlingsprogrammet gir positive vinstar både for folkehelsa og har positive verknader for klima.

##### Folkehelse:

Handlingsprogrammet skal styrke det strategiske folkehelsearbeidet. Eit viktig satsingsområde er at tiltaket skal bidra til å redusere sosial ulikskap.

##### Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Tiltaket er ei oppfølging av utviklingsplanen og regionale planar for folkehelse, og skal bidra til å setje retning for utviklinga i Vestland på folkehelsefeltet. Handlingsprogrammet skal bidra til

#### Evaluering av tiltaka

Førebels er det ikkje utvikla felles system for evaluering av tiltak i Vestland fylkeskommune.

Ved utvikling av folkehelseiltak er det viktig å planlegge evalueringsform ved utvikling av tiltaket. Evalueringsform er innarbeidd så langt som råd.

regional medverknad og samhandling, og har meirverdi for dei vi samarbeider med - kommunar, organisasjonar med fleire.

**Konklusjon**

Målet er at tiltaka i handlingsprogrammet for folkehelse 2022 - 2025 skal bidra til auka felles innsats i folkehelsearbeidet i Vestland. Utforminga av tiltaka syner at det ligg godt til rette i Vestland for samarbeid om utvikling av tiltaka med kommunar, kunnskapsmiljø, frivillige aktørar og andre. Handlingsprogrammet inneheld mange ulike tiltak i regi av mange ulike tiltaksutøvarar. Sjølv om det er mange tiltak vert potensiale for gjennomføring vurdert som god sidan det er utvikla god eigarstruktur for tiltaka.

Vedlegg 1:

- Saksutgreiing tiltak 1.4

Vedlegg 2:

- Utkast til høyringsdokument Handlingsprogram folkehelse 2022-2025